

Årsmelding 2024

Sund sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Sund sokn

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve
Grafisk produksjon og redaktør:
Yngvild Mørner Sørheim
Foto: Olai Otterå



Vårmarknaden i Kausland
kyrkjelydshus trekker til
seg mange mennesker.

ÅRSMELDING FRÅ SUND SOKNERÅD



Arne Bakke
Soknerådsleiar

Soknerådsmøte

2024 var første året i ein ny soknerådsperiode, og soknerådet har gått fra åtte til seks medlemmar. Det nye rådet er samansett av seks faste medlemmer og tre varamedlemmer, samt at soknepresten har fast plass i soknerådet. Me har hatt sju møter og behandla 80 saker.

Diakonen vart invitert til møte i januar. Ho la fram om sitt arbeid, og me hadde eit godt ordskifte etterpå. Ho etterlyser fleire frivillige, dei som går ut må erstattast.

I februar inviterte vi kyrkjelydspedagogen til soknerådsmøte, der gjekk ho igjennom planane for året, og me drøfta detaljer frå økonomi til gjennomføring.

I mai inviterte me heile sokneteamet til soknerådsmøte. Det er nytig for alle partar at me kjem nærmare på kvarandre, og dermed lærer meir om dei ulike arbeidsområda som føregår.

Ulike utval

Sokneråde har hatt oppe fleire saker om ulike utval. Av dei viktigaste sakene kan me nevna:

- Utnevning av nytt trusopplæringsutval
- Videreføring av diakoniutvalet, medlemene i utvalet tok gjennval

- Oppnemning av ein gravplass-komite med tre medlemmar
- Oppnemning av medlemmar til gudstenesteutvalet
- Eit utsmykkingsutvalg har vorte oppnemnd med tre medlemmar

Dei fleste utvala har fungert godt, og etter hensikta. Trusopplæringsutvalget har diverre ikkje kome igang med sitt arbeid av ulike årsakar. Men no ligg alt til rette for at dette arbeidet kan starte opp. Trusopplæringsplanen skal reviderst.

Diakoniutvalet fungerer godt med jevnlege møter. Dei kjem med innspel til tiltak dei ynskjer å fremja i soknerådet.

Gravplasskomiteen hadde synfaring på gravplassane i Sund sokn, og kom med lokale innspel som er oversendt til administrasjonen på Straume. Dei arbeider med ein større plan når det gjeld alle gravplassane i kommunen vår.

Gudstenesteutvalet arbeider saman med presten for å planlegge arrangement i kyrkjene.

Utsmykkingsutvalet er eit utval som saman presten tek opp spørsmål rundt interiøret i kyrkjene i soknet vårt.

Det er fleire bibelgrupper i soknet. Dei er sjølvståande, og trivest med det. Dersom nokon ynskjer å delta i ei gruppe, kan dei ta kontakt med diakon eller presten.

Tilsette i soknet

Det daglege arbeidet i kyrkja vert utført av sokneteamet som består av sokneprest, organist, kyrjelydpedagog, diakon, kyrkjegardsarbeidar, sekretær og klokkarar. Dei har jamlege planleggingsmøte.

Også i 2024 mista me nokre medarbeidrarar. Kyrjelydpedagog Katrin Fischer sa opp si stilling mot slutten av 2024. Saman med soknepresten, hadde ho ansvaret for komfirmantane og komfirmantundervisninga. Ho gjorde framifrå innsats med ungdomane. Heldigvis fann administrasjonen ei løysing internt. Me håpar og trur at konfirmantane i 2025 får ei fin konfirmanttid som dei kan minnast og sjå tilbake på.

Vår faste kyrkjegardsarbeidar Kathrine Solheim sa også opp mot slutten av 2024. Soknerådsleiar har fått mykje skryt på hennar vegne for fint arbeid på kyrkjegardane. Dette arbeidet skal no utførast av eit team som dekkar alle kyrkjegardane i kommunen vår. Me vonar dette vil fungere godt.

Aktivitetar i kyrkjene

I påska kjem det som regel nokre tilreisande som går i kyrkja. Etter ei slik gudsteneste snakka eg med to frå ein annan kommune. Etter at dei fekk høyre kunngjeringane var dei var heilt imponert over alt me hadde å tilby av aktivitetar. For ikkje å snakke om kyrkjekaffien som dei var imponert over. Dei skulle heim og prøve på det same.

Julemassa i Sund har vorte ein lang og god tradisjon. Utfordringa no er at kyrkjekjellaren her vorte for liten. Folk måtte stå ute i gangen no sist. Dette vil i år gå til etterlengta lyddemping i kyrkjelydssalen i Sund kyrkje.

Vårmarknaden på Kausland har same lange tradisjonen. Det har ført til oppgradering av huset, og inventaret, samt benkar utendørs. I framtida ynskjer dei å støtte arbeidet med å lage ei minnelund på grav-

plassen. Stor takk til dei som no har takka av etter mange års innsats der.

So må eg nevna:

- Føremiddagstreff
- Myldredag
- Strikkekafe
- Barnekor
- Ungdomsklubb

Eg vil også nemna speidaraarbeidet som aktiviserer mange unge. Frammøte og oppslutning svingar litt frå år til år. Men utan tilbod, ingen frammøtte.

Stor takk til alle frivillige som gjer stor innsats, for det meste gjer dei dette i det stille. Me hadde ein fin fest for dei frivillige i kyrkjekjellaren i fjor, arrangert av sokneteamet. Når det gjeld frivillige: Me treng fleire til å hjelpe til. Hermed ei oppmoding om å melde seg.

Vidare vil eg nemna at me gjerne støttar det gode arbeidet som vert gjort med, og rundt den, gamle kyrkjebåten frå Lerøy.

Reknskap

Rekneskapen for 2024 viser at me gjekk med eit lite overskot, sjå s. 12. Etter mange år med overskot i soknet, har fondsmidlane vakse til store beløp. Planen for 2025 er å bruka litt av dette fondet til ulike føremål. Det kan koma godt med no når sentral-økonomien i fellesrådet krympar inn.

Plan for året som kjem

Me prøver å halde fram med dei aktivitetane som er igang, og prøve å få til litt nytt. Følg med på skjerikyrkja.no der er lista opp arrangement dag for dag. Her er det mykje å velgje mellom.

Husk at presten og diakonen er alltid åpen for ein samtale dersom nokon ynskjer det.





ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Lars Arne Vik
Sokneprest

Det er flott å vera sokneprest i Sund sokn. Gjennom det første heile året som tilsett har eg vorte betre kjend med kyrkjelyden, tillitsvalde, friviljuge og andre tilsette.

Soknepresten set opp gudstenestelistene som soknerådet vedtek, etter biskopen si forordning.

Dette året var det gudsteneste ein av dei såkalla andredagane, for framtida samlar me kyrkjelyden i ei kyrkje jule-, påske- og pinsedag. For det meste har prostiprest Kjell-Asle Børnes vore vikar når underteikna har hatt frihelger.

Det er om lag gudsteneste annakvar søndag i kvar kyrkje. Konfirmantane vert presenterte i kvar kyrkje, alt anna som vert utdelt og markert i gudstenesta, skjer i ei av kyrkjene.

Mange friviljuge medarbeidalar stiller opp og tek ansvar i samband med gudstenestefeiringa. God og heimelaga kyrkjekaffi dreg, det er kjekt å ha høve til å slå av ein prat etter sjølve gudstenesta. Det er framleis ei utfordring er å involvera nye grupper i gudstenestene, slik at fleire kan få eigarskap og kjenna glede i å ta del. Dette året har det vore jubileum både for femtiårs-, seksti- og syttiårs-konfirmantane.


Dette året var det ikkje kontakt med BCC og DELK, dei to kyrkjelydane som samlast jamnleg i eigne bygg i vår del av Øygarden kommune, men me planla deltakinga i den felleskristne gudstenesta i Fjell sokn ii 2025.

Det er framleis godt å vera sokneprest i Sund sokn. Her er tilsette som verkeleg vil noko. Her er tillitsvalde som er dedikerte for oppgåvane. Her er friviljuge som glade brettar opp armane og tek i eit tak, når det er nødvendig.


Sund sokn er eitt av fem sokn i fellesrådsområde til Øygarden kyrkjelag fellesråd. Det er nødvendig å tenkja gjennom kva Sund sokn gjer i Sund sokn for dei som bur i Sund sokn, og kva Sund sokn gjer saman med andre sokn for dei i Sund sokn og dei som hører til andre sokn på alle område av det me som kristen kyrkje gjer. Noko vert best ved at me gjer det åleine, anna vert betre av me gjer det saman.

Som sokneprest møter eg menneske i glede og sorg, i kvardagar og i kriser, når dei er i sine første leveår og når dei er i sine siste. Det er ei glede å vera tilsett i Den norske kyrkja for å møta menneska der dei er og dela evangeliet om vår Herre Jesus Kristus med dei som vil høyra.


STATISTIKK




ANTAL
DØYPTE



ANTAL
KONFIRMERTE



ANTAL
GRAVFERDER




ANTAL
VIGDE



Pr. 31.12.2024 er det **5082** medlemmer i Sund sokn.

DELTAKING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT





ÅRSMELDING BARN OG UNGE



Bodil Lee
Øksnes Espedahl
Kyrkjelydspdagog
(vikar)

Å få lov å bidra til at barn og unge, og familiene deira får moglegheita til å bli kjent med Gud og Jesus er ei gåve! Derfor er jobben som kyrkjelydspdagog i Sund ei stor velsigning og glede! Bibelforteljingar, undervisning, song og musikk; bodskapen kan formidlast på mange måtar, det viktigaste er å få fram at alle er elska av Gud og ønska av Gud.

Trusopplæringstiltak

Alle barn og unge med familiar skal bli inviterte til aktivitetar i kyrkja. Barn og unge frå 0 til 18 år blir spesielt inviterte til tiltak, såkalla trusopplæringsdagar. Stolte fireåringar blir inviterte til å motta fireårsbok i samband med fastelavnsgudsteneste. Seksåringane våre blir inviterte til ranselbøn når dei har byrja på skulen om hausten. Det er stor stas å byrje på skulen og viktig å be for skulegangen. I november har vi LysVaken for 12-åringane. Det er veldig kjekt å få lov å overnatte i kyrkja og vere med på gudsteneste dagen etterpå!

Barnehagevandringar

Vi er også takknemlege for dei fine møtepunkta med barnehagane våre! Til påske var det påskevandring med dei eldste barna i barnehagen. Før jul kom fire av fem barnehagar på krybbevandring til kyrkja, medan kyrkjelydspdagonen besøkte den siste barnehagen og hadde krybbevandringa der. Nokre gongar kjem barnehagane på spontane besøk til kyrkjene, det er gledeleg! I tillegg til barnehagevandringar er vi på

besøk til skulane og har blant anna skulegudstenester og andre samlingar.

Konfirmantarbeid

Det skal vere trygt og godt å vere konfirmant i Sund sokn. I løpet av konfirmantåret skal 14- og 15-åringane våre få bli kjent med Gud, Jesus, den kristne trua og oppleve fellesskap i kyrkja. I 2024 vart 76 ungdommar konfirmerte i Sund sokn. Konfirmantåret 2024/2025 er det 87 konfirmantar som går til undervisning og er registrerte til konfirmasjon. I løpet av konfirmantåret er dei med på leir. Nytt av konfirmantåret 2024/2025 var leir på Camp Vestland på Framnes i Nordheimsund i regi av KFUK/KFUM. Ei gruppe på ti konfirmantar drog av garde i haustferien. 16 konfirmantar var på heimeleir i Sund kyrkje i november. Resten, 60 i talet, skal på leir på Fjell-Ly i januar. Leir er alltid fellesskapsbyggjande og sosialt oppbyggjande. I tillegg til leir får konfirmantane vere med på undervisningssamlingar, gudstenester og ulike aktivitetsgrupper. Dei blir rett og slett kjente med arbeidet i kyrkjelyden og soknet, og er med på å bidra til å styrke arbeidet som føregår i Sund sokn.

Sund sokn er eit sokn der det føregår mykje godt arbeid blant barn og unge. Det er ei takknemleg oppgåve å få vere med å bidra til å spreie bodskapen om Guds kjærleik ut til barn og unge i eit lokalmiljø med så mange engasjerte og flotte medarbeidarar! I det komande året kjem det ny plan for kyrkjeleg undervisning og læring. Denne planen er delt inn i ulike aldersgrupper, men rommar alle aldrar. Vi ser fram til eit nytt og spennande år med nye gleder og nye utfordringar!





ÅRSMELDING FRÅ DIAKONEN



Torunn N. Utvær

Diakon

kjem fram til i samarbeid med soknerådet.

Frivilligfest

I juni var bordet fint dekt til ein stor gjeng festkledde menneske som var samla til fest for frivillige i Sund sokn. Kjell Bergsvik hadde kåseri og fekk i gang lattermusklane våre, og han spilte både på sag og munnspel. Vi er veldig takksame for alle frivillige i kyrkja vår.

Det er spennande å vera diakon i Sund sokn, og etter eit års tid har eg byrja å bli kjend med menneska og arbeidet her. Då er det tid for å tenkja fagleg utvikling i det diakonale arbeidet. Diakoniutvalet har byrja ein prosess med refleksjon og drøfting av arbeidet vårt, og vil halde fram med det i 2025. Plan for diaconi vil bli revidert ut frå kva vi

Betweensklubb

Vi møtast til fellesskap rundt måltid, leik, song og bibelforteljing. I løpet av året har det kommet fleire nye, både tweens og frivillige medarbeidere, og vi opplever at barna gleder seg til å komma og at klubben er ein viktig møteplass.

Myldredag

Fellesskap med alle generasjonar saman er verdifullt. Kombinasjonen av måltid, song, bibelforteljing og formingsaktivitet ser ut til å vere til glede for små og store. Vi har fått fleire nye frivillige som er med og lagar god mat og bidreg i fellesskapet.

Strikkekafeen er ein sosial samlingsstad med lav terskel som er open for alle. Det er ein plass for den uformelle samtalen. Gjennom strikkecafén kjem det inn flotte bidrag både til julemesse og vårmarknad.

Vårmarknad og julemesse

Vårmarknad i Kausland kyrkjelydshus og julemesse i kyrkjekjellaren i Sund samlar mykje folk. God stemning

blir skapt og høge summar blir samla inn. Det har vore stort engasjement og ein enorm innsats frå frivillige her.

Småfellesskapa er leia av frivillige og er viktig for å ta vare prå den enkelte. Her får ein dele og oppmuntra kvarandre.

Føremiddagstreffa samlar ein trufast gjeng til godt fellesskap. Frivillige lagar god lunsj, og praten rundt måltidet er verdifull. Elles har vi song og foredrag av ulike gjestar.

Sorgarbeid

Oktober er månaden vi har ekstra fokus på sorg. På den årlege sorgkvelden for pårørande, som vi har i samarbeid med dei andre kyrkjelydane, hadde vi fokus på både livssorg og sorg ved død. Fleire delte sin eigen sterke historie. Øystein Steinsland berika oss med pianospel og song. Vi har også eit kontinuerleg tilbod om sorggruppe for både vaksne og ungdom på Straume som er felles for alle sokna.

Helgemessesøndag hadde vi gudsteneste der vi tente lys for alle som var gravlagd siste året.

Same kveld var det Open Kyrkje i Sund der ein kunne tenne lys, lytte til vakker musikk, be og bare være til stades. Laurdagen var diakonen og frivillige på Sund senter og delte ut lys.

Diakon og andre i staben har også hatt ein del samtalar og sjelesorg på kontor og på heimebesøk.

Bønerabeid

Mange har bøn på hjarta. I Kausland kyrkje det er bøn ein onsdag kveld i månaden som er open for alle.

Kyrkjekaffien er verdifull for å byggje relasjoner og møte nye. Det er mange frivillige som gjer ein flott innsats så vi andre berre kan koma å nyta det.

Kvar månad er det nokon som steikjer lappar og gir til Røde kors tunet, som ei oppmuntring til dei som bur der.

Livets lys er eit tilbod til utviklingshemma i alle aldrar i heile kommunen med samlingar i Foldnes kyrkje.



ÅRSMELDING FRÅ ORGANISTEN



Marija Bernotaite
Organist

Blandakor og Sund Brass, øvelser med kor.

Viktige Hendingar i 2024

- Stjernekor i Sundheimen
- Friluftsgudsteneste på Tyssøy med Sund Brass
- Open kyrkje i Sund kyrkje
- Ungdomskonsert «HelloVenn»
- Vi syng jula inn

Stjernekor

Sternekor har øvingar i Sund kyrkje annankvar tysdag. Hanne Kathrine Boga er dirigent for Sternekor. Ho

Kyrkjemusikalsk arbeid

Gudstenester, gravferder, vigsler, institusjonsbesøk, konserter, føremiddagstreff, samarbeid med grunnskule/ barnehage, medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, instrumentalistar, stjernekor, Sund

er spesialpedagog/musikkterapeut. Organist og to frivillige hjelper til under øvingane.

Stjernekor består av ca. 23 barn. Koret opptrådde på fire gudstenester, mellom annen Hausttakkefest-gudstenesta, «Vi syng jula inn», julemassa og på Sundheimen. I år hadde koret juleavslutning på Sundheimen. Det var ei veldig hyggeleg oppleving for både barn og dei som kom for å lytte til julesongar.


Friluftsgudsteneste på Tyssøy

Søndag 16. juni med flotte musikkinnslag av Sund Brass. Det var ei fin gudsteneste med dåp og kyrkjekaffe på Tyssøy.

Vi syng jula inn og HelloVenn-kosert

Det var to store arrangementer med pianoelevar til organist og kulturskule-elevar. Sternekor og Hanne Boga var med. Det er veldig skjekt at så mange barn og ungdommer har lyst til å delta!





Konsertar og musikkarrangement i kyrkjene

Interne konserter

- Konsert for barn og familiene ved pianoelevene til Marija 15. juni
- Konsert ved Vokalgruppa Bless 12. september
- HalloVenn 29. oktober
- Open kyrkje 3. november
- Vi syng jula inn 15. desember

Eksterne konserter

- Sotra Reviderte: Vi syng jula ut 13. januar
- Spell Jazzoktett 21. april
- Vårkonsert med Sotra Reviderte 26. mai
- Jubileumskonsert Sund Blandakor 9. juni
- Allegelgenkonsert med Vivian Steinsland og Øystein Steinsland 30. oktober
- Julekonsert med Damekoret Øysong 5. desember
- Konsert Country Christmas 8. desember
- Sund Blandakor sin julekonsert 9. desember
- Julekonsert med Roy Vorland, Anita Heggholmen og Veslemøy Fluge Berg 19. desember

Medarbeidarane i Sund sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Lars Arne Vik	Sokneprest
Tove Olene Foss Solvang	Soknetamleiar/ administrasjonskonsulent
Bodil Lee Ø. Espedahl	Kyrkjelydspedagog (vikar)
Torunn Nateland Utvær	Diakon
Marija Bernottaite	Organist/ungdomsarbeidar
Mari Hatlelid Nausheller	Helgekyrkjetenar
Bjarne Dåvøy Børnes	Helgekyrkjetenar

Årsrekneskap Sund sokneråd 2024

Sund sokneråd har i 2024 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til disposisjonsfond på kr 165.580. Samla inntekter utgjer kr 563.146 medan samla utgifter kr 397.565. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Sund sokneråd.

Sund sokneråd har i 2024 brukt kr 77.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet. Ungdomsarbeidar i Sund vart tilsett frå 01.05.2024.

Offer innsamla til eiga verksemد utgjer kr 66.534 i 2024. Offer til andre utgjorde kr 106.664 og er utbetalt til ein rekke formål i 2024.

I fast gjevarteneste er det samla inn kr 61.958 til generelt kyrkjelydsarbeid og kr 25.228 til barne- og ungdomsarbeid.

Gåver frå andre utgjer kr 56.727 i 2024, av dette kr 6.550 til kyrkjemusikk.

Inntektene på julemassa utgjorde kr 111.449 i 2024 medan utgiftene utgjorde kr 1.980. Overskotet knytt til Julemesse skal brukast til kyrkjelydsarbeid.

Sund sokneråd samla inn kr 66.359 på vårmarknaden i 2024. utgiftene knytt til vårmarknaden utgjorde kr 18.744. Overskotet skal brukast til kyrkjelydsarbeid.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Sund sokneråd på mange ulike måtar i 2024.

